

Uttale konsesjonssøknader om kraftutbygging i Kvinnherad kommune for Børsdalen kraftverk, Valedalen kraftverk og Eikedalen kraftverk.

Innleiing:

Fylkestinget vedtok i desember 2009 «Fylkesplan for småkraftverk i Hordaland 2009 – 2021» Eit sentralt mål med planen har vore å gje eit betre grunnlag for veking av verdiar, interesser og vurdering av **samla verknader** av småkraftverka.

Desse tre utbyggingane rører ved det same området i fjellet mellom Hardangerfjorden, Matersfjorden og Høylandssundet. Som fylkestinget seier er det viktig å sjå på samla verknad, og vi har difor gjort ei sams vurdering av alle tre.

Konsesjonssøknadane om kraftutbygging i Børsdalen, Eikedalen og Valedalen ligg i det største samanhengande **inngrepsfrie naturområdet** i Sunnhordland. Det omfattar 52 km² og strekkjer seg i sør frå Matersfjorden til Ulvanoso, Englafjell og Mjelkehaug.

For dei som ikkje er lokalkjende i geografien, vil vi minna om at Børsdalen/Børsdalsvassdraget er delt i to. Den eine delen hallar mot nord og Uskedalen, og er konsesjonssøkt av SKL som Børsdalen kraftverk. Den andre delen hallar mot sør og Tveitedalen og derifrå mot Handelandsdalen, og vil få vassføringa redusert av Kvinnherad Energi sine planar om overføre Sitautevatn til Valedalen. (Dette er nærast utelete i høyringsdokumentet deira.)

Inngrepsfrie naturområde er definert i INON – soner som ligg 1 km og meir i luftline frå tyngre tekniske inngrep. Dei tre omsøkte kraftutbyggingane inngår i INON - sone 1 og 2. INON – 1 sone betyr: 3 – 5 km frå tyngre tekniske inngrep. INON – 2 sone betyr: 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep. INON – 1 sone ligg i kjernen av, og utgjer i dag, 7 km² av dette 52 km² inngrepsfrie området. **Dei tre omsøkte kraftutbyggingane betyr i praksis ein reduksjon på 20 % av det inngrepsfrie området og nedklassifisering av heile den opphavelg INON 1-sona.**

Dette naturområdet er omkransa av fleire bygder som utgjer det mest folketette området i Kvinnherad kommune. Eikedalen, Børsdalen og Valedalen er mykje nytta innfallsportar til naturområdet for rekreasjon, jakt, fiske og friluftsliv. Området er lett tilgjengeleg, og ligg i gangavstand frå heimen for svært mange. Her kan ein gå frå fjord til urørt høg fjell på 2 – 3 timar. Ikkje minst for den aukande båtturismen er det viktig med fjellområde i gangavstand frå båthamnen.

Verdiane finn ein og i den vedtekne «Fylkesplan for småkraftverk i Hordaland 2009 – 2021»:

- Området *kring* Mjelkehaug, Englafjell, Ulvanoso har sårbart *høg fjell* av stor verdi.

- Mjelkehaug, Englafjell og Ulvanoso er *svært viktige regionale friluftsområder*.
- Mykje nytta oppfartsområde er i sør Tveitedalen/ Børsdalen, Handelandsdalen, Hellandslia, Eikedalen og Uskedalen.
- Mellom anna Handelandselva (Som er ein del av Børsdalsvassdraget) er det vassdrag og fossar med stor verdi for landskapsoppleving.
- Folgefonnhalvøya er eit *prioritert område* innan utvikling av reiselivsnæringa, med *nasjonal og regional satsing*, basert på verdiane i Folgefonna Nasjonalpark og *randsona til denne*. (s67)
- Datagrunnlaget for biologisk mangfald og kulturminne og kulturmiljø i området er *mangelfull*.

Børsdalsvassdraget bør ha særleg merksemd, då det i dag er heilt urørt av

kraftutbygging. I sørvest renn elva i INON – sone 1 og 2 - gjennom Børsdalen til Tveitedalen og Handelandsdalen til fjorden på Handeland. Valedalen Kraftverk AS har søkt om overføring av Sitautevatn til Valedalsvatnet. Sitauten ligg på eit skjerma høgfjellsplatå og har sitt naturlige fall til Børsdalen sør. I Børsdalen nord renn elva frå det omsøkte Fagerdalsvatnet og Kvangrødtjørn ned Børsdalen til Uskedalselva.

Utbygging av **Børsdalselva** og overføring av **Sitautevatnet** inneber det alvorlegaste og mest øydeleggande inngrepet i denne sårbare fjellnaturen, og Kvinnherad SV er sterkt imot dette.

Børsdalselva

Planane omfattar ein demning i Fagerdalsvatnet på fire meter, med reguleringshøgde på 5 meter. Vidare vil ein stenge utløpet på Kvangrødtjørn, som ligg på Englafjell, og laga nytt utløp som får vatnet til å renne ned i Fagerdalsvatnet. Dette inneber eit stort og alvorleg inngrep som lagar ein kile inn i INON - sone 1 og nedklassifiserer i praksis bortimot heile INON- sone 1. (sjå kart s. 34) Begge alternativa er om lag like i høve til INON-status.

I tillegg til å «punktere» det inngrepsfrie området, peikar den biologiske rapporten på fleire verdifulle funn. I vassdraget er det funne to typar mose som er raudlista, altså utryddingstrua. Det er vasshalemose og flommose.

Det er også observert hekkande rovfugl av svært sårbar art.

Dersom ein gjev lov til utbygging av Børsdalselva vil det altså bety eit stort inngrep i INON området. Vi er redd det vil skapa presedens for liknande saker. Ei utbygging er også i strid med dei vedtak som er gjorde på regionalt nivå, (Fylkesplanen for småkraftverk) både med omsyn til INON-status, og til artar på raudlista.

Valedalen kraftverk

Valen Kraftverk AS har søkt om overføring av Sitautevatnet til Valedalsvassdraget.

Om overføring av Sitautevatn til Valedalsvatnet står det å lesa i søknaden:

"Området rundt Valedalsvatnet alt er påverka av vannkraftutbygging med kraftverk, overføringar og reguleringar (s.22).

Dette stemmer ikkje. Sitautevatnet er ein del av det urørte Børsdalsvassdraget og ligg skjerma på eit høggjellsplatå 847 m.o.h i INON - sone 2. Sitautevatnet har sitt naturlege nedløp til tre småvatn før vatnet kastar seg i ein langstrakt foss på fleire hundre meter ned i Børsdalen som er ein del av INON- sone 1.

Vatnet skal i følgje søknaden overførast frå Sitautevatnet til Småstølsvatnet ved m.a å bora ein 150 lang tunell til Småstølsvatnet. ***Dette vil medføre 200 kubikkmeter tunellmasse som skal deponerast i det inngrepsfrie INON sone - 2 i sårbart høggjell av høg verneverdi. Depotet vil vera godt synleg i det sårbare høggjellslandskapet, m.a frå Ulvanoso og Mjelkehaug, som og er rekna som sårbart høggjell av stor verdi og viktig regionalt friluftsområde i Fylkesplan for småkraftverk 2009 – 2021 s. 67.***

Det står vidare å lese på s. 26:

"På grunn av at inngrepet skjer i eit vassdrag som i dag er påverka av vannkraftutbygging (Valedalsvassdraget), vil typiske konsekvensar vera mindre, noko som kjem fram av den vedlagte miljøutredninga" s. 25.

Her har miljøutgreiinga ***ikkje*** sett på konsekvensane overføringa av Sitautevatnet har for den delen av vassdraget ***når vassføringa frå Sitauten vert heilt stoppa med terskel (s. 10 og 11). Det er lagt inn null minstevassføring og soleis total tørrlegging nedstraums Sitautevatnet.***

Vidare seier ikkje miljøutredninga noko om kva konsekvensar den reduserte vassføringa får for Børstølsvassdraget som misser tilrenninga frå Sitauten. Søknaden oppgjev verknad berre på strekninga frå terskel til Børsdalsvatnet. Miljøutgreiinga omhandlar Valedalsvassdraget som får tilført vatnet, og som ligg på andre sida av fjellet frå Børsdalen og vurderer ***ikkje*** Børsdalsvassdraget som altså misser vatnet.

Terskelen i Sitautevatnet som vil stoppa all avrenning frå Sitauten vil innebære at fossane nedstraums som kastar seg fleire hundre meter ned frå Bergsdalsrusta til Børsdalsvatnet vil verta redusert med 40 %. (s. 19)

Inngrepet vil fører med seg at i praksis vil den sona som i dag har INON 2 status verta borte, og INON 1 sona verta redusert til INON 2. (s. 22)

I søknaden dreiar informasjonen frå første side merksemda bort frå det urørte Børsdalsvassdraget, som Sitauten er ein del av, ved å argumentere vatnet inn i det alt regulerte Valedalsvassdraget. Dersom Valen Kraftverk AS får det som dei vil, så kan ei overføring av Sitautevatnet opna for ei "snikutbygging" av Børsdalsvassdraget.

Overføring av Sitautevatnet til Småstølevatnet er inngrep i eit urørt vassdrag, fordi Sitautevatn høyrer til Børsdalsvassdraget, i tillegg er det eit inngrep i INON område.

Dette vil kunne skapa presedens for liknande saker. Det er viktig å slå fast at det må vera ein samanhang med politiske vedtak på eit regionalt nivå – i dette tilfellet Fylkesplanen for småkraftverk.

Overføring av Sitautevatnet har elles ein svært liten effekt for total energiproduksjon - 1,6 GWh årleg, eller straum til ca. 90 husstandar. I denne saka kan me trygt seia at ulempa er større enn samfunnsnyttan.

Når det gjeld vidare utbygging av Valedalsvassdraget er ikkje Kvinnherad SV prinsipielt i mot at ein kan utnytta det ubrukte fallet mellom Valedalsdammen og Inntaksdammen (Nemnt som Stemmedalsdammen i søknaden). Men her bør ein velja alternativ 2, med ein stasjon like nedom Skorvene, slik at vatnet kan renna fritt vidare nedover i elva mot Inntaksdammen.

Avbøtande tiltak må sikre ei minstevassføring som tek omsyn til fisken sine livsvilkår og gytemogelegheiter i vassdraget. Dersom ein må byggje veg må han leggjast vekk frå elva og byggjast på ein slik måte at han øydelegg minst mogeleg av eit terreng som har lite vegetasjon. Det må skytast ut minst mogeleg med skjeringar. Helst bør vegen ikkje byggjast heilt opp til eksisterande demning i Valedalen, då dette fører med seg svært synlege inngrep i naturen.

Valedalen er eit mykje nytta tuområde, særleg for bygdefolket på Valen. Turbøkene her viser i snitt i underkant av 3500 besøkande årleg. I tillegg kjem dei som ikkje skriv seg inn i bøkene. Ved opprusting av Valedalsdammen må det sikrast ei minstevassføring. Området alt påverka av kraftutbygging og dersom ein vel å gjennomføra vidare utbygging, så må det setjast strenge krav til avbøtande tiltak, særleg med omsyn til at området er mykje brukt til friluftaktivitetar og familieturar.

Eikedalen kraftverk

Eikedalen er mykje nytta oppfartsåre til Mjelkehaug og Englafjell. Ein del av området *kring* Mjelkehaug, Englafjell og Ulvanoso har sårbart *høgfjell av stor verdi*.

Turstien er idyllisk og føl Eikeelva opp Eikedalen på vestsida av den planlagte utbygginga.

Det er planlagt ein inntaksdam, type fyllingsdam på kote 230, lengde 40 meter og høgde 4 meter. Planane omfattar ei røyrgate på 1600 meter på austsida av vassdraget. Ho skal gravast ned, og i samband med dette viser planane ein 4 meter brei anleggsveg på denne strekka. I deler av øvre trase vert det laga skjæring for å koma rundt ein stor kolle,

Svindhaugen. Inntaksmagasinet, fyllingsdammen og vegen vert synleg for turgåarane på vestsida av elva.

Tiltaket vil føra til vesentleg reduksjon av vannføring på 1640 meter i elva, noko som vil få betydning for fuktkevjande artar langs elva.

Det er hekkande fossefall i området som vil bli berørt.

Området rett sør for inntaket har av Fylkesplanen blitt vurdert til stor verdi. Utbygginga vil redusere både INON 1 og INON 2 arealet.

Oppsummering:

Meir enn 90 % av vassdraga i Kvinnherad kommune er bygde ut. Kvinnherad SV ønskjer at dette attverande inngrepsfrie naturområdet skal takast vare på for biologisk mangfald, rekreasjon, jakt, fiske og friluftsliv, då det ligg i nærområdet til storparten av Kvinnherad kommune sin befolkning. Ulempa vert større enn samfunnsnytta ved alle dei tre kraftutbyggingane . Gevinsten for fleire av inngrepa er latterleg liten i høve til tapet av naturverdi og opplevingsverdi.

Dei tre kraftutbyggingane vil samla reduserer det inngrepsfrie naturområdet med til saman 20 %, med eit totalt bortfall av INON- sone 1. Urørde område vert stadig viktigare etter kvart som stadig fleire brukar naturen til rekreasjon. **Steinfyllingar, vegskjeringar og vatn som i dette høvet er regulerte med opptil 5 meter vil heilt klårt redusera opplevingsverdien i det som no er urørt fjellområde!**

Konklusjon:

1. Kvinnherad SV ynskjer å fylja Fylkesplan for småkraftverk, og ber om at det vert sagt nei til alle søknadane, ut frå omsynet til den samla verknaden på området.
2. Kraftutbygging i Børsdalselva og Valen kraftverk sin søknad om overføring av Sitautevatnet til Valedalsvatnet er det alvorlegaste og mest øydeleggende inngrepet i dette sårbare inngrepsfrie naturområdet frå fjord til høgfjell. Trass mangelfullt datagrunnlag for biologisk mangfald er her funne raudlista planter og hekkande rovfugl av svært sårbar art.
3. Dersom det vert høve til ei utviding av eksisterande utbygging i Valedalselva, må ein velja Alt 2, med stasjon nedom Skorvene, og strenge krav til avbøtande tiltak.